

Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: *

Tal uprenta vedlegg: *

Ressursbaserte opplevingsnæringer i Vestlandsbygdene

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet godkjenner at det vert starta eit arbeid med ei forstudie om "Ressursbaserte opplevingsnæringer på Vestlandet".
2. Arbeidet skal utviklast stegvis. I denne omgang ber ein om at forskingsmiljø på Vestlandet om å
 - oppsummere kunnskapsstatus
 - vurdere det økonomiske potensialet innan ressursbaserte opplevingsnæringer
 - strukturere, definere og rydde i omgropa og såleis skape ein plattform for vidare arbeid
 - vurdere rammevilkår
3. Forstudien skal få fram potensiale og flaskehalsar og såleis medverke til å prioritere arbeidsoppgåver på Vestlandsnivået framover.
4. Vestlandsrådet løyver 350 000 kr. nto til arbeidet med forstudien.

*

Prenta vedlegg:

Notat om "Ressursbaserte opplevingsnæringer i Vestlandsbygdene"

Uprenta vedlegg:

Saksutgreiing og vedtak i Vestlandsrådet sak 28/05 den 22/6 2005

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Vestlandsrådet handsama 22/6 ei sak om kva arbeidsoppgåver som skulle prioriterast hausten 2005. Vi siterer frå saksutgreiinga i sak nr 28/05 for Vestlandsrådet:

"2.2.3 Nærare om " Ressursbaserte opplevingsnæringar i Vestlandsbygdene"

Grunnlaget finn vi i Vestlandsrådet sin handlingsplan innan reiseliv og landbruk. Vestlandsrådet bør i første omgang fokusere på dei interessante koplingane som ligg i mellom reiseliv – landbruk – nye tenester basert på natur- og kulturressursane i Vestlandsbygdene. Det bør brukast tid på å definere eit innsatsområde nærrare. For det først er det ein omfattande innsats innan temaområdet; både som bransjesatsing og som lekk i bygdeutvikling / geografisk retta utviklingsprogram. For tida er det også under utvikling fylkesoverskridande prosjektinitiativ innan reiseliv (innan Arena programmet). Det er ein føresetnad at dei initiativ som vert tekne både i regi av Vestlandsrådet og i regi av eit eventuelt Arena-prosjekt blir samordna og koordinert i størst mogleg grad.

Med utgangspunkt i handlingsplanen er det naturleg at Vestlandsrådet no etablerer seg som ein synleg aktør i det fylkesovergripande arbeidet innan reiseliv og landbruk. Målet må vere å tilføre nokon ekstra til eksisterande aktivitet i fylke, regionråd eller einskildkommunar. Vestlandsrådet ønskjer derfor å:

- Bidra til prioritering av innsats innan framtidig fylkesoverskridande aktivitet.
- Bidra til aktivitet på Vestlandsnivået som tilfører "meirverdi" til lokal aktivitet.

I første fase må problemstillingar beskrivast nærar og eit arbeidsgrunnlag utformast. Det er naturleg å utfordre fou-miljø i dei 4 fylka til å klargere:

- Særlege utfordringar for det vi som arbeidstittel kan kalle "ressursbaserte opplevingsnæringar i Vestlandsbygdene" og
- Komme med framlegg til korleis utviklingsarbeid på tvers av fylka kan gripast an. Vidare arbeid kan tenkjast som:
 - eit breitt arbeid for bygdeutvikling eller som
 - eit eller fleire meir spissa program.

Geografisk målområde vil vere det rurale Vestlandet, men med klare koplingar til samspelet mellom by og land.

Det er viktig i det vidare arbeidet med dette tema at sentrale miljø innan reiseliv og kunnskapsverksemndene vert engasjert.."

Vestlandsrådet vedtok å prioritere dette arbeidsfeltet. Næringsgruppa til Vestlandsrådet har utarbeida eit notat som ligg ved. Notatet er forma som eit oppdrag til forskingsmiljøet. Forklaringar på nokre av brukte forkortinger er lagt ved notatet. Vidare arbeid tek til med utgreiingsarbeid (forstudiefase). Dette utgreiingsarbeidet må no finansierast.

2. OPPGÅVER I FORSTUDIEFASEN

Det er ønskjeleg å utvikle ei satsing som evnar å sjå faglege og politiske problemstillingar i ein samanheng.

- Fagleg ved å få fram ny kunnskap og forbetra utviklingsaktørar si evne til å oppnå resultat

- Politisk ved å synleggjere vegval og om nødvendig tilrettelegge for interessehevding
- Det er vidare viktig å byggje eit fundament for eit langsigkt utviklingsarbeid

Arbeidet skal utviklast stegvis. Eit notat som omtalar eit oppdrag til forskingsmiljø på Vestlandet ligg ved. Kort oppsummert ber vi i notatet forskingsmiljøa om å:

- Oppsummere kunnskapsstatus
- Vurdere det økonomiske potensialet innan ressursbaserte opplevingsnæringer
- Strukturere, definere og rydde i omgropa og såleis skape ein plattform for vidare arbeid
- Vurdere rammevilkår

Forstudien skal få fram potensiale og flaskehalsar og såleis medverke til å prioritere arbeidsoppgåver på Vestlandsnivået framover. Når forstudien vert drøfta, er det naturleg å trekke inn næringsaktørar og partnerskapen elles og kople saman ”beslekta” initiativ.

Det er mykje aktivitet på dette arbeidsfeltet i bygdelag, i kommunar, i regionråd, i fylkeskommunar. Kva er den nyttige ”meirverdien” som kan skapast gjennom eit samarbeid på Vestlandet ? Viktige moment er:

1 Kople saman politikkområde:

- Politikk for samspel mellom by og omland
- Politikk for bygdeutvikling / småsamfunnsutvikling
- Reiselivspolitikk
- Landbruksutvikling
- Naturbruksutvikling

2 Kunnskap:

- Forskings- og utviklingssamarbeid på Vestlandet
- Samarbeid om utdanning på høgare nivå
- At forskings og utviklingsmiljø kjem i godt inngrep med lokale nærings- og utviklingsmiljø og med verkemiddelapparatet (Triple Helix)
- At Vestlandet får ”Triple Helix” til å fungere i høve små samfunn og små næringar. På vestlandsnivået kan vi byggje arenaer og legge til rette for nettverkbygging mellom fragmenterte miljø.
- Internasjonal erfaringsutveksling

3 Interessehevding:

- Regelverk innan småskala nisjeproduksjon (mattilsynet)
- Bruk og vern (ressursforvaltning)
- Internasjonal interessehevding
 - EU
 - WTO

På oppdrag frå fylkesrådmannen har næringsgruppa i Vestlandsrådet inndeia ein dialog med Senter for samfunns- og næringslivsforsking (SNF) i Bergen om å ta på seg ei koordinerande rolle i forskingsmiljøet på Vestlandet. Kontaktpersonen vår er seniorforskar Grete Rusten. Tanken er å engasjere eit kontaktpunkt i forskingsmiljøa i kvart fylke. SNF plukkar sjølv ut desse kontaktpunkta slik at kompetansen vert allsidig samansett.

Næringsgruppa i Vestlandsrådet får på vegne av fylkesrådmannen ansvar for å gjennomføre prosjektet. Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Regionalavdelinga administrerer økonomien i prosjektet i prosjektperioden. Prosjektet er tenkt fullført 1. kvartal 2006.

3. KOSTNADER OG FINANSIERING

Senter for samfunns- og næringsforskning (SNF) i Bergen er som nemnt tiltenkt rolla som koordinator av fou-miljøa på Vestlandet. I samråd med seniorforskar Grete Rusten har vi i møte den 15/9 sett opp slik kalkyle:

Forskararbeid	Kr	270.000
Koordinering		20.000
Reiser		30.000
Informasjon / uførutsett		<u>30.000</u>
Sum utan mva	Kr	350.000
Meirverdiavgift		<u>85.000</u>
Sum med mva	Kr	435.000

Finansiering:

Vestlandsrådet	Kr	350.000
Refundert mva (Sogn og Fjordane Fylkeskommune)		<u>85.000</u>
Sum	Kr	435.000

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen tilrår finansiering av arbeidet.